



Det er ikkje berre vaksne som held julebord. I dag har den kommunale barnehagen i Uskedalen hatt julebord for alle ungane, som var 27 denne dagen. Begge avdelingar - både Stølen og Bamsebu - var med.

Det er fjerde gongen eit slikt arrangement blir avvikla og deltakarane møtte i sin finaste stas og fekk mykje god mat. Det var i det heile stil over julebordet - det vart til og med servert velkomstdrinkar.

Og barnehagen har så mange flinke kokkar at det det ikkje var naudsynt å bestilla maten utanfrå.

På biletet over visar 3 av dei eldre at dei kan å smørja skiva si sjøl, som det heiter i songen.
Under treng dei frå den andre avdelingen litt hjelp.

Foto: Ola Matti Mathisen

